


Dette er bryllupsdagane

21.08.2013



Sigrun og Trygve for 60 år sidan

Etter at vi i går skreiv om diamantbryllupet til Sigrun og Trygve Haugland, som vart vigde i morgon for 60 år sidan, har vi fått spørsmål om bryllupsdagane. Difor bringer vi lista her og den er meir omfattande enn folk flest veit om. Danskane feirer til og med 12 1/2 års bryllupsdag og kallar det bronsebryllup. Vi har ikkje funne nokon norsk statistikk, men i Danmark kan 78 par feira jarnbryllup og 4 par atombryllup i år. Her er lista:

1 år: Papir

2 år: Bomull

3 år: Lær

4 år: Blomar/Lin

5 år: Tre

6 år: Sukker

7 år: Ull

8 år: Bronse

9 år: Pil/Keramikk

10. år: Tinn

11 år: Stål

12 år: Silke

13 år: Knipling

14 år: Elfenbein

15 år: Krystall

20 år: Porselen

25 år: Sølv

30 år: Perle

35 år: Korall

40 år: Rubin

45 år: Safir

50 år: Gull

55 år: Smaragd

60 år: Diamant

65 år: Krondiamant

70 år: Jarn

75.år: Atom

80 år: Platina

90 år. Granitt

Relativt få når så langt som til jarnbryllup, men vi har lese ein reportasje om eit par i Romsdalen som gjorde det.

Dei var 92 og 95 år.

Men hovudpoenget i reportasjen var at foreldra til bruden også hadde feira jarnbryllup.

Atombryllup (75 år) er sjeldan her til lands men vi har lese om eitt i

Rana i 2007 der bruden var 96 og brudgommen 98 år. Deira eldste born var 74 år.

Og apropos Sigrun og Trygve: Store Jenta på Larsstø helsarog takkar for ei kjempehelg sundag hos Systemene Nilsen. Einstor klem til begge!

Av Ola Matti Mathisen